

NORDRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR

Kommunal landbruksforvaltning for Skodje, Stordal, Sula, Ørskog og Ålesund

**Ørskog bondelag
v/ leiar Jorunn Solnørdal
Solnørdal
6240 ØRSKOG**

Vår ref.
14/3099-V18/FRGR

Dykkar ref.

Dato:
25.04.2014

SMIL - Rullering av strategisk plan for bruken av SMIL midlar i Ørskog.

Lokal strategisk plan for bruk av SMIL midlar i Ørskog gjekk fram til 2013. Planen er no revidert og vil gå frå 2014 til 2018.

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket slår fast at kommunen skal fastsette overordna retningslinjer for bruken av SMIL midla. Retningslinjene skal utarbeidast i samråd med fylkesmannen og lokale næringsorganisasjonar i jordbruket.

Planen som no ligg føre er drøfta med Ørskog bondelag som er einaste aktuelle lokale organisasjon.

Det er små endringar i forhold til førre plan.

Vedlagt plan blir lagt til grunn for arbeidet med SMIL saker frå no av.

Med helsing

Helga Færøy
Landbrukssjef

Frode Græsdal
Rådgjevar landbruk

Kopi til:

Fylkesmannen

landbruksavdelinga

6404

MOLDE

SMIL – RETNINGSLINER OG STRATEGISK PLAN 2014 – 2018 – ØRSKOG KOMMUNE.

1. INNLEIING

Ordninga "spesielle miljøtiltak i jordbruket" (SMIL) opnar for å gi tilskott til ulike tiltak for å ta vare på kulturminne og redusere forureininga frå jordbruket. For å kome inn under ordninga skal det vere tiltak som går ut over det ein kan vente av normal jordbruksdrift.

Til drenering blei det i 2013 innført eiga tilskotsordning. Jf. Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord.

Utanom tilskott til konkrete tiltak, kan det bli gitt til planlegging av prosjekt.

Ordninga omfattar i hovudsak tiltak på landbrukseigedomar.

Forskrift om tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket slår fast at: "Kommunen skal fastsette overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonene i jordbruket lokalt." Det er lagt opp til at desse retningslinjene skal legge opp strategien for bruk av midla dei komande 4 åra. Førre lokale plan gjekk til 2013. På grunn av uavklart spørsmål om tilskott til drenering kontra SMIL –ordninga, vart revidering av lokal plan utsett.

Denne saka har framlegg til strategisk plan og overordna retningslinjer for bruken av tilskottsmidla for perioden 2014 – 2018. Nordre Sunnmøre landbrukskontor dekkjer fem kommunar med ulike tilhøve og utfordringar. Saka er difor delt i ein generell del felles for alle kommunane, vesentleg knytt til reglar og retningslinjer. I den spesielle delen kan kvar enkelt kommune tilpasse bruken av virkemidla til dei lokale tilhøva.

Nasjonalt regelverk

Sentrale dokument for praktisering av ordninga er:

- forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (2004-02-04-448).
- Rundskriv 07/2005 frå Statens landbruksforvaltning gir retningslinjer for "forvaltning av forskrift om spesielle miljøtilskudd i jordbruket."

Løyvingar dei siste åra

Departementet si tildeling blir av fylkesmannen fordelt på kommunane. Fordelinga skal m.a. skje ut frå tildeling tidlegare år og behovsrapportar.

År/kommune	Skodje	Stordal	Sula	Ørskog	Ålesund	Sum
2013	110.880	159.100	0	138.498	134.400	542.878
2012	155.000	166.000	0	54.600	138.950	514.550
2011	74.200	225.220	5.000	115.000	27.600	447.020
Sum	340.080	550.320	5.000	308.098	300.950	1.504.448

Frå og med 2012 har Nordre Sunnmøre Landbrukskontor fått si løyving som ein samla pott for alle kommunane. Søknadsmengda frå dei einskilde kommunene varierar frå år til anna. Den nye tildelingsmåten gir difor ei meir fleksibel forvaltning av løyvde middel. Tabellen over viser løyvde søknader dei tre siste åra fordelt på kommune.

2. SØKNAD OG SAKSBEHANDLING

Søknadsfrist er 15.mars, men søknadar blir tatt imot heile året. Søknadar innkomne innan fristen vil vere grunnlaget for prioritering og vurdering av ny kunngjering mm. Ordninga blir annonsert på kommunane sine heimesider. Der vil det òg ligge lenke til søknadsskjema. Ordninga kan lysast ut på

nytt ein eller fleire gonger dersom det er lite gode søknader etter første utlysing. Søknadar som kjem inn etter 1.november vil bli overført til behandling neste år.

Det skal søkast på fastsett skjema med dei vedlegg som er nødvendige (jf. rettleiing til søknadsskjema). Det er ikkje lagt opp til fullelektronisk søknadsprosess. Søknad blir avvist dersom den er mangelfull og søkar ikkje skaffar etterlyste tilleggsopplysningar innan rimeleg tid.

Tiltak med ein godkjent kostnad under kr 10.000.- (hydrotekniske tiltak kr 15.000) får ikkje tilskott.

I utgangspunktet blir det ikkje gitt tilskott til arbeid som allereie er gjort.

Avgjerd på søknad om tilskott er eit vedtak som gir klagerett. Klagen blir behandla administrativt. Klageinstans er Fylkesmannen.

Synfaring blir gjort på alle prosjekt (atterhald om kapasitet) når dei er meldt ferdig og før sluttutbetaling skjer. Synfaring kan òg vere aktuelt tidlegare for å få nødvendig grunnlag for å avgjere mottatt søknad.

Før utbetaling av tilskott må føretak som søker produksjonstilskott legge fram miljøplan trinn 2.

Alle søkarar må legge fram samandrag av rekneskap for tiltaket med timelister og dokumentasjon på utgifter jf. vilkår innarbeidd i vedtaket om tilskott.

I særlege tilfelle kan det bli gjort unntak frå desse reglane.

3. UTFORDRINGAR, HANDLINGSPLAN, STRATEGI

Informasjon

Vi har inntrykk av at nokre kjenner ordninga godt, mens det framleis er potensielt gode prosjekt som ikkje søker. Det er òg stor skilnad på søknadsmengda kommunane imellom. Beste "reklamen" er ein nabo som har fått SMIL tilskott.

Handlingsplan:

Gjengroing er ei felles utfordring for alle kommunane og heng nøye saman med utviklinga i tal aktive bruk og særleg beitepraksis. Det er difor viktig at tiltak ikkje berre konserverer ein tilstand, men òg har positiv effekt for næringsgrunnlaget.

Tilrettelegging for publikum.

Stiar, grunder, mindre parkeringsplassar, plakat/ skilt og liknande.

Bygningar og andre konstruksjonar.

Det kjem ein del slike saker kvart år. Tilskotet blir avgrensa til det som går på utvendige tiltak.

Bygningsmessige tiltak blir fort dyre og det er difor avgrensa kva vi kan engasjere oss i. Større saker blir tilrådd å kontakte kulturminnefondet.

Biologisk mangfald. Mange lokalitetar med spesielle plantesamfunn er truga. I dei tilfella dette er knytt til redusert beitebruk bør landbrukskontoret engasjere seg for ved bruk av SMIL midlar å få beita desse lokalitetane (nasjonalt viktige). Det er etablert andre ordningar som gir tilskot til dei mest verdifulle av desse lokalitetane. Berre unntaksvis vil det difor bli aktuelt å bruke SMIL midlar på slike saker.

4.TILTAK, SATSAR OG PRIORITERING. SPESIELLE UTFORDRINGAR KOMMUNEVIS.

Generelt:

Frå bondelaget er det ønske om at landbrukskontoret engasjerer seg i arbeidet med plastinnsamlinga, særleg det å varsle aktuelle brukarar om tidspunkt for innsamlinga. Ørskog er ei av dei få kommunene der innsamlingsarbeidet er organisert og fungerer. Landbrukskontoret vil gjere sitt for at dette held fram.

Prioritering:

Ved tildeling av midlar vil ein så langt det er mulig prøve å unngå at alle midla går til ei tiltaksgruppe.

Tiltak på eigedomar som i lita grad blir tekne vare på, vil kome bak i prioriteringa.

Føresetnaden for å ha eit kulturlandskap er aktive bruk i drift. Tiltak som stimulerer til næringsaktivitet blir difor prioritert.

Under elles like tilhøve vil fellestiltak gå framfor enkelttiltak.

Ein søkar blir ikkje nekta å ha fleire søknadar inne samstundes, det er likevel ein fordel at midla blir fordelt på fleire søkarar. Har ein søkar fleire uavslutta saker, vil det føre til redusert prioritet.

Heller enn å gi litt tilskott til mange prosjekt, bør det satsast på å gi brukbar finansiering til dei som får løyving.

Søknader på dårleg prioriterte tiltak frå første utlysing kan bli fortrent av betre søknader som er mottatt seinare. Søknader på dårleg prioriterte tiltak kan få utsett avgjerd på søknaden til ordninga har vore utlyst på nytt. Gode enkelt søknader som kjem utanom søknadsfrist, kan bli tatt opp til behandling.

Prioriteringa er retningsgivande for behandlinga av søknader.

Normprisar

For eige arbeid er satsen kr 200 pr time.

Satsen kan endrast administrativt i den perioden planen gjeld for.

Tilskottssatsar SMIL

Tiltak som hindrar gjengroing og sikrar at areal blir halde i hevd.
gamal kulturmark

- I praksis rydding og inngjerding for bruk til beite - inntil 50%

Tiltak som sikrar biologisk mangfald

- Ulike tiltak for å sikre og bevare biologisk mangfald t.d. ljàslått, rydding av vegetasjon m.m. inntil 70% på særleg verdfulle lokalitetar.

Andre kulturminne/ - miljø, tilgjenge inntil 50 %

Rydde stiar og råser. Legge til rette for bruk (raste plass, informasjon, grinder).

Hesjing - fast sats kr 1000 pr daa inntil vidare.

Freda og verneverdige bygningar. Andre kulturminne/ - miljø

Ved intern prioritering for bygningar vil det bli lagt vekt på bygningsmiljø, verneverdi og SEFRAC status.

Freda og verneverdige bygningar - avgrensa til utvendig tiltak, evt. berande delar inntil 35%.

Hydrotekniske anlegg, Høytørkeanlegg og andre forurensingstiltak inntil 35 %. Tilskott blir ikkje gitt til anlegg med kostnad under kr 15.000.-

- reparasjon av eldre hydrotekn. anlegg